



Blir det kø i Fjellhaugen i veka som kjem?

I vinterferien er Fjellhaugen Skisenter ope 7 av 9 dagar og senteret vil sikkert bli vitja også av mange uskedelings- trur Olav Gunnar Hjelmeland.

I dag er det skikkeleg vind i anlegget men i morgon opnar det klokka 10 og då vil vinden truleg ha lagt seg. Opningstida på dagtid er som vanleg frå 10 til 16 men onsdag er det kveldskøring - frå 17.30 til 21, opplysar Hjelmeland.

Opningsdagane er i rekkefylgje laurdag, søndag, tysdag, onsdag, torsdag, laurdag og søndag. Varmestova og toaletta i Røde Kors-hytta er ope kvar dag det er køring.

Snøtilhøva er særst tilfredsstillande, til dømes er det 2,5 meter ved avstigingsplassen på toppen av trekket. I sjølve den preparerte alpinbakken er det framifrå men utanom den har det vore litt hardt i det siste.

Det er ingen rasfare i den preparerte bakken, men litt oppi bakken til venstre for trekket er det ein viss risiko for skred og der bør ikkje folk køyra. Og ettersom det no har vorte mildare aukar risikoen naturleg nok for skred. Lågaste temperatur sist natt var pluss 2,3 medan det var pluss 5,6 for stutt tid sidan - ved 12-tida fredag.

Om lysløypa lyder varselet at ho er preparert men at det er litt hardt i sporet.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen